HÅKON DEN GODE
Kulturformidling

# Kyst SOGEVEKENE 97

9. AUGUST - 7. SEPTEMBER



Foto: Jan Helge Halleraker



Foto: Anders Stavland

*17 kystkommunar inviterer til den største kystkulturmønstringa i Noreg, med 35 stemneplassar.*

SpareBank 1 Vest
STATOIL
Bergens Tidende

# HELSING FRA FORMANNEN I KULTURFORMIDLINGA HÅKON DEN GODE



**Kystsogevekene**

Frå ein liten kime - ein idé om å få istand eit "Håkonarspel" med tema i Håkon den Gode sitt liv og lagnad, vaks det fram ein tanke om at eit slikt tiltak kunne løysa ut mykje meir enn berre det historiske spelet. I prosjektrapporten "Den norske vestkysten", hadde 17
deltakande kommunar tilmeldt sine satsingsområder for fremje av kystkulturen. Det vart klårt at først i ein samla presentasjon av desse områda kunne dei ulike tiltaka få startgrunnlag, utvikling og levelege vilkår.

Prosjektet som tok namnet "Kulturformidlinga Håkon den Gode" vart såleis eit tiltak som tok sikte på at det skal skapast til årlege faste kystkulturveker "i Håkon den Gode sine fotefar", der dei ulike elementa i prosjektrapporten "Den norske vestkysten" står fram i heile si breidde. Slik vil det skapast ein soge- og notidsfestival som syner utviklinga frå Håkon den Gode si tid og fram til i dag.

Hordaland fylkeskommune og 17 kommunar i regionane Sunnhordland, Bergen og Omland, Nordhordland og Gulen står saman om tiltaket. Med god hjelp frå Norsk Kulturråd og viktige sponsorar: Sparebank1 Vest - Statoil - Bergens Tidende.

Styret for Kulturformidlinga Håkon den Gode takkar alle som gjer det mogeleg å gjennomføra den største kystkulturmønstringa nokon gong. Takken går til dei meir enn 1000 medarbeidarar på alle spel- og satsingsstadar, og den går ikkje minst til Hordaland Teater.

På vegne av styret

Tryggve Fitje
styreleiar

# HELSING FRA FYLKESKULTURSJEFEN



Når fortida i vår tid fengslar mange menneske, kan det ha samanheng med at historia vår tilfredstiller ein grunnleggjande menneskeleg opplevings- og kunnskapstrong. Truleg vil dei fleste menneske ved nærare ettertanke vedgå at dei på ulikt vis kjenner seg knytta til fortida som ein føresetnad for det dei sjølve er, som målestokk og referanserâme, i røynda som ein del av samtida.

Me søkjer sjølvforståing og identitet gjennom innsikt i vår eiga historie - som einskildmenneske, grupper og samfunn. Me føler at me har røter og føresetnader for det me er i det som var.

Kjelden kan gje oss ei beingrind av historiske tilhøve og hendingar. Eller dei gjev oss råmer for det som kan ha hendt. Men skal historia verta meiningsfyld og levande for oss, må me gje beingrinda kjøt og blod, fylla råmene med innhald.

Det er mellom anna dette som er føremålet med "Kulturformidlinga Håkon den Gode", der den ytre delen av Hordaland vert arena for kystsogevekene i august 1997.

Drivkrafta attom denne storveges satsinga er Ragnhild Randal. Anne Gullestad har eit hovedregiansvar for det store Håkonarspelet. Gong på gong har Ragnhild Randal og Anne Gullestad synt at dei maktar å gje liv til fortida vår med god hjelp frå andre profesjonelle krefter og dei mange eldsjelene på kulturfeltet i fylket vårt.

Det er god grunn også å fremheva nestoren mellom diktarane våre, Johannes Heggland, som atter ein gong har teke opp eit historisk emne og gjev si tolking av livet og lagnaden til Håkon den Gode.

Aasmund Mjeldheim
fylkeskultursjef



**Kjære medarbeidarar !**

Kultur er eit godt ord for alt det mennesker før oss har forma og skapt. Alt det dei talte og skreiv, lovene dei laga og draktene dei bar til kvardag og fest.

Kultur er alt det vi har fått eigedomretten til, og som vi har ansvar for.

Kystfolket dyrka fram sin spesielle kultur og tradisjon, og ein av dei mest storreiste av desse kystens trauste kulturbyggjarar var Håkon den Gode - Kongen med Gullhjelmen.

Kystsogevekene skal vere ei vandring i kongen sine fotefar, og gjennom desse vekene skal vi alle syne ein heil nasjon at vi er takksame for denne kulturen, - og at vi kan atterreise og halde i hevd det sterke kvinner og menn har skapt før oss.

Håkon den Gode var både ein tradisjons-bærar og ein kultur-skapar. Og det er gjennom mennesker og lag at kulturskattane har levd og overlevd i tusener av år.

Steinaldermannen hadde sine voner og planar, og var nok like forelska i samtidsjenta som unge menn er i dag.

Musikk, dikting, bilete, arbeidsreiskap og arkitektur fortel den lange soga vår til oss. Og idag er utøvande kunstnarar berarar av gamalt storverk.

Vi skal vise mange og alle at enno er det gløt i gamal ved. At vi enno kan mobilisere, motivere, skape og forme med vyrnad for slekter før oss.

Med sans for kvalitet vil vi skape ny tradisjon i landsdelen vår. Vi har så utruleg mykje å vise fram, så uendeleg mykje å vere stolte over.

La oss som Håkon den Gode kveike vardane og stå vakt om kulturarven vår.

Ragnhild Randal

Ragnhild Randal
prosjektleiar



Foto: Stein Erik Gilje

Fire nye spel om sagakongen Håkon den Gode sitt liv knytt til Vestlandet.

Fitjar:
**Kongen med Gullhjelmen**
Seim:
**Håkonarvarde**
Eivindvik:
**Håkon Adalsteinfostre i Gula**
Håkonshella:
**Håkon Adalsteinfostre**

**Av Johannes Heggland**
**Musikk:**
**Ketil Hvoslef**
**Knut Vaage**
**Jostein Stalheim**
**Regi:**
**Anne Gullestad**
**Medinstruktør:**
**Ragnhild Randal**

**Med i alle spela: Paul-Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kjersti Wiik/ Berit Opheim.**

Manuskript og musikk er tinga av *Kulturformidlinga Håkon den Gode.* Spela er gjort mogleg gjennom samarbeid med *Hordaland Teater* og kommunane Lindås, Fitjar, Bergen og Gulen, saman med fleire hundre aktørar frå lokalmiljøa. Hordaland Teater er ansvarleg for profesjonell medverknad. Kunstnarlege medspelarar er Sogn og Fjordane Teater og Hordaland fylkeskommune - musikkavdelinga.

# KYSTSOGEKALENDER

## *9. august - 7. september 1997*

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **9. AUGUST** | | |
| ***Fitjar*** | ***Offisiell åpning av Kystsogevekene 1997*** | **16** |
| ***Fitjar*** | ***Urpremiere. Håkonarspel: "Kongen med Gullhjelmen"*** | **16** |
| | ***Hordaland Heimevernsdistrikt tenner vardar i 17 kommunar kl. 22.00*** | |
| | ***Vardane varslar at kystsogevekene er i gang.*** | |
| Fitjar | Open premierefest - ferjetur på fjorden | 16 |
| Fitjar | Ymse aktivitetar i sentrum | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Fitjar | Årskog Museum. Ope dagleg | 17 |
| Brandasund | Brandasundsdag: Torghandel, veteranbåtar, sal av havets frukter m.m. | 14 |
| Brandasund | Sal og demonstrasjon frå ullverkstad og smie i Naustvika | 14 |
| Brandasund | Dans på fabrikkloftet. | 14 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia" | 18 |
| Ryvarden fyr | Galleri Ryvarden: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen . | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåtutstilling i atelier. | 20 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg | 20 |
| Bekkjarvik | Opning av Vestkystparken - 60 års jubileum for Bergen og Omland Friluftsråd. | 13 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr, open etter avtale. | 12 |
| **10. AUGUST** | | |
| ***Fitjar*** | ***Framsyning. Håkonarspel: "Kongen med Gullhjelmen"*** | **16** |
| Fitjar | Gudsteneste etter gamal liturgi med biskop Hagesæther i Fitjar Kyrkje. | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Espevær | Espeværsdag: Her møter du fiskerioppsyn og fiskarar, får servert hellebakst m.m. | 15 |
| Espevær | "Den hemmelege sjøvarklubben". Vaksne ingen adgang. | 15 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Lykling | Gruvevandring der ein møter rallarar og ser synlege spor etter gruvedrifta. | 14 |
| Valevåg | Fartein Valen-huset. Konsert med Tino Fjeldli og Henrik Marmèn. | 20 |
| Sveio | Tur frå garden Straume - historiar om Ramna-Floke og Smørsundkjerringa | 21 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåtutstilling i atelier. | 20 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Kvalvåg | Lokalbefolkninga skipar til torg. Delar av Nordsjøløypa vert opna. | 12 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| **11. AUGUST** | | |
| Smedholmen | Segltur med S/K Seladon | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| **12. AUGUST** | | |
| Smedholmen | Fisketur til Høkkelboen med S/K Seladon | 17 |
| Fitjar | Barneteater. Hordaland Teater syner "To kapteinar". | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid R. Synnes og Arne Mælen. | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåt utstilling i atelier. | 20 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **13. AUGUST** | | |
| Smedholmen | Segltur med S/K Seladon - servering i Brandasund. | 17 |
| Fitjar | Fitjar folkebibliotek - Tema: Oselvar. | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet | 12 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia" | 18 |
| Førde | Strandhogg på kaien - grilling, sal av ymse, trebåtmønstring og bryggedans. | 20 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen. | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåt utstilling i atelier. | 20 |
| **14. AUGUST** | | |
| Smedholmen | Segltur med S/K Seladon - temadag: historie frå øyane. | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen. | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåt utstilling i atelier. | 20 |
| S[illegible]hamn | Veteranbåten "Granvin" legg til kai som ledd i Kulturminnestafetten. | 36 |
| **15. AUGUST** | | |
| Smedholmen | Segltur med S/K Seladon - opplæring i sjømannskap. | 17 |
| Fitjar | Kulturkveld. | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen. | 20 |
| **16. AUGUST** | | |
| ***Seim*** | ***Urpremiere. Håkonarspel: "Håkonarvarde"*** | **28** |
| Seim | Håkonarhelg i sentrum. Historisk vandring, open kyrkje, open gard, salsutstilling, servering m.m. | 29 |
| Fitjar | Fiskefestival med aktivitetar i Fitjar sentrum. | 17 |
| Smedholmen | Segltur med S/K Seladon til Bekkjarvik. | 17 |
| Fitjar | Ridetur over fjellet til Færøysund der det vert overnatting. | 17 |
| Fitjar | Kulturell vandring - kulturhistorisk natursti. | 17 |
| Fitjar | Brukskunstutstilling i Dalebuo. | 17 |
| Bekkjarvik | "Granvin" kjem i rute. Kulturminnestafetten kjem. Ymse aktivitetar for liten og stor. | 13 |
| Bekkjarvik | Kulturkveld i Nothengja med Strilabelgen og Selbjørn Song- og Revygruppe. | 13 |
| Bakkasund | Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet. | 12 |
| Mosterhamn | Bømloteateret syner "Splint" i Moster Amfi. | 15 |
| Mosterhamn | Kyrkjehistorisk senter i Moster Amfi, ope for omvisning. | 15 |
| Sagvåg | "Vervadag" på Jensaneset, med bl.a. smeden og skipstømmermannen i arbeid | 19 |
| Leirvik | Sunnhordland Folkemuseum syner utstillinga "Liv langs leia". | 18 |
| Sveio | Hovda-Bua. Speiarar, husmorlag og ungdomslag presenterar "gullområdet" og historie. | 21 |
| Valevåg | Heimen til komponisten Fartein Valen. Ope dagleg. | 20 |
| Ryvarden fyr | Ryvarden Galleri: Utstilling av Astrid Ræstad Synnes og Arne Mælen. | 20 |
| Ryvarden fyr | Modellbåtutstilling i atelier. | 20 |
| Austrheim | Sildekast og fraktefart i Fonnesvågen. | 22 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| **17. AUGUST** | | |
| ***Seim*** | ***Framsyning. Håkonarspel: "Håkonarvarde"*** | **28** |
| Seim | Håkonarmarsjen 1997, langs ruta kong Håkon den Gode fylgde. | 29 |
| Seim | Gudsteneste. Etter gudstenesta er det open kyrkje med orgelmusikk. | 29 |
| Masfjorden | Stølshelg m/hestar, rømmekolle, kveding og folkedans. | 30 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| Austrheim | Turmarsj i Øksnesmarka. Demonstrasjon av torvtaking. | 22 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SID |
|---|---|---|
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Fitjar | Båtdag i Færøysund | 17 |
| Bekkjarvik | Friluftsgudsteneste. | 13 |
| Bekkjarvik | Kulturminnedokument frå Austevoll vert overlevert. "Granvin" legg frå kai. | 13 |
| Lykling | Gruvevandring der ein møter rallarar og ser synlege spor etter gruvedrifta. | 14 |
| Valevåg | Fartein Valen-huset. Konsert med Einar Steen-Nøkleberg. | 20 |
| Sveio | Tur langs den gamle kyrkjevegen. Gudsteneste og kyrkjekaffi. Valestrand. | 21 |
| **18. AUGUST** | | |
| Ryvarden fyr | Stoppestad for "Kulturminnestafetten". | 20 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **19. AUGUST** | | |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **20. AUGUST** | | |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **21. AUGUST** | | |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **22. AUGUST** | | |
| Seim | Kyrkjekonsert "Tonar under same himmel" m/Kjersti Wiik og Ivar Kleive m.fl. | 29 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **23. AUGUST** | | |
| ***Gulen*** | ***Urpremiere. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre i Gula", Flolid.*** | **26** |
| Gulen | Ein "ekte" vikinglandsby på Flolid. | 27 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| Austrheim | Hoplandskvernene blir teken i bruk att, ein malar korn og bakar brød m.m. | 22 |
| Austrheim | Med "Bruvik" (gamledampen) til by'n. Underhaldning ombord og innlagt handletur i by'n. | 23 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Torgdag på Holmeknappen. Båtmønstring, ord og tonar frå kystkulturen, minigard m.m. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Radøy | Sæbøvågen. Robonkurranse med oselvar. Sal av mat og drikke. Bryggedans om kvelden. | 35 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **24. AUGUST** | | |
| **Gulen** | ***Framsyning. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre i Gula"*** | **26** |
| Austrheim | På tur til Noregs vestlegaste fastlandspunkt. | 23 |
| Masfjorden | Bjørn West Marsjen. Turmarsj, omvisning på museet, musikk m.m. | 31 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| Radøy | Bøvågen. Kysttreff på Rossnes ferjekai. | 35 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet | 35 |
| Fedje | Kræmmerholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| **25. AUGUST** | | |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| Manger | Bogatunet. Ein familie "bur" på tunet og levandegjer kvardagen på 1850-talet. | 34 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
|  [illegible]d | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| [illegible]d | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| **26. AUGUST** | | |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Manger | Bogatunet. Ein familie "bur" på tunet og levandegjer kvardagen på 1850-talet. | 34 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **27 AUGUST** | | |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Manger | Bogatunet. Ein familie "bur" på tunet og levandegjer kvardagen på 1850-talet. | 34 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **28. AUGUST** | | |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. Eldre fyrvaktarar guidar og fortel. | 25 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Manger | Bogatunet. Ein familie "bur" på tunet og levandegjer kvardagen på 1850-talet. | 34 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
|  [illegible]nd | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Masfjorden | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **29. AUGUST** | | |
| Meland | Meland kyrkje. Konsert/salmekveld med Petter Dass som tema. | 33 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. Eldre fyrvaktarar guidar og fortel. | 25 |
| Fedje | Kræmmarholmen set fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Manger | Bogatunet. Ein familie "bur" på tunet og levandegjer kvardagen på 1850-talet. | 34 |
| Radøy | Vestnorsk utvandringssenter med bl.a. ei kyrkje frå Nord-Dakota og Utvandrararkivet. | 35 |
| Lygra | Lyngheisenteret. Lyngheivandring med guide. Sal av kaffi og lyngheilefsa. | 29 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | SJÅ SIDE |
|---|---|---|
| **30. AUGUST** | | |
| ***Haakonsvern*** | ***Urpremiere. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre".*** | 38 |
| Alvøen | Omvisningar i hovedbygningen | 39 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | 37 |
| Fjell | Fjell Kulturhus. Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad | 41 |
| Fjell | Bildøyhallen. Idrettskavalkade. | 41 |
| Fjell | Tellneskaien. Bryggedans. | 41 |
| Trellevik | Kystkulturstemne i Trellevik. Underhaldning og omvisning. | 43 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | 43 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | 44 |
| Fedje | Kræmmarholmen. Fedje-spel med lokale aktørar. Fokus på gamle mattradisjonar. | 24 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. Eldre fyrvaktarar guidar og fortel | 25 |
| Fedje | Fedjesamlingane. Lokale omvisarar som gjer deg kjent med det som var på Fedje. | 24 |
| Meland | Musicalen "Jorda rundt på 80 minutter" med barnekoret Gladglimt. | 33 |
| Meland | Bygdakveld. Revy, gamaldans og moderne rytmer, sal av silderettar, spekekjøtt m.m. | 33 |
| Meland | Vestbygd skule. Opning av salsmesse for handverk/husflid. | 33 |
| Meland | Holmestova-museum, Sjøbua museum, Sjursehuset og Krambua - utstillingar og sal. | 32 |
| Masfjorden | Bjørn West museet på Matre. | 30 |
| **31. AUGUST** | | |
| ***Haakonsvern*** | ***Framsyning. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre".*** | 38 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | 39 |
| Alvøen | Omvisning i hovedbygningen | 39 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Turløype. Utstilling av husflidprodukt, sal av kaffi og vaflar m.m. | 40 |
| Fjell | Galleri Haganes. Roald Tellnes kunstsamling. Bok-kafe med sal av kaffi og vaflar. | 41 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad. | 41 |
| Trellevik | Friluftsgudsteneste, familiemanøver med speidarar, segltur med Sund kystlag. | 43 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | 43 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | 37 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | 44 |
| Fedje | Fyrsafari til Hellisøy fyr. Eldre fyrvaktarar guidar og fortel. | 25 |
| Eivindvik | Prost Niels Griis Alstrup Dahl-markering. Langbord m/sjømat, opplevingstur m.m. | 27 |
| Meland | Friluftsgudsteneste på Holmeknappen. | 33 |
| Meland | Vestbygdmarsjen. Turmarsj med kulturhistorisk tilsnitt i området rundt Holme. | 33 |
| Manger | Stevne på Bogatunet. | 33 |
| **1. SEPTEMBER** | | |
| Håkonshella | Omvisningar for skuleklassar. Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | 39 |
| Alvøen | Intimkonsert i "Storstuen". Geir Botnen, piano og Ingela Øyen, fløyte. | 39 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen | 39 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Skulevitjing. | 40 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad. | 41 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | 43 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | 37 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | 44 |
| **2. SEPTEMBER** | | |
| Alvøen | Sæverud konsert med Alice Jonassen, fiolin, Grethe Hylland, fløyte og Omar Z.Pettersen, klaver. | 39 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | 39 |
| Håkonshella | Omvisningar for skuleklassar. Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. | 39 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | 43 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Skulevitjing. | 40 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad. | 41 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | 37 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | 44 |
| **3. SEPTEMBER** | | |
| Håkonshella | Gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus. Ta på deg klede frå gamle dagar og bli med. | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | 39 |
| Håkonshella | Omvisningar for skuleklassar. Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. | 39 |

| DATO & STAD | AKTIVITET | TID | SJÅ SIDE |
|---|---|---|---|
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | | 39 |
| Fjell | Giertsennaustet. Ope naust med dugnadsdag, vaflar og kaffi. | | 41 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad | | 41 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Skulevitjing. | | 40 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | | 43 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | | 37 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | | 44 |
| **4. SEPTEMBER** | | | |
| Alvøen | Konsert med dramatisering, "Dans og Toner" Mozart. Til nå sett av 30.000 barn. | | 39 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | | 39 |
| Håkonshella | Omvisningar for skuleklassar. Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. | | 39 |
| Øygarden | Øygardsdagar. | | 45 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | | 44 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | | 43 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Skulevitjing. | | 40 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad | | 41 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | | 37 |
| **5. SEPTEMBER** | | | |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | | 39 |
| Håkonshella | Omvisningar for skuleklassar. Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. | | 39 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | | 39 |
| Fjell | Fjell Kulturhus. Kiwanis Haustutstilling. | | 41 |
| Fjell | Bildøyhallen. Diskotek m/Banana Disko. Seinare på kvelden rockekonsert. | | 41 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Skulevitjing. | | 40 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad | | 41 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | | 43 |
| Herdla | Herdla museum. Syner glimt frå Herdlas mangfoldige historie. | | 37 |
| Øygarden | Øygardsdagar. | | 45 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | | 44 |
| **6. SEPTEMBER** | | | |
| Strusshamn | Askøyteateret syner oss ei forestilling om Hans Nilsen Hauge. Utstilling og film. | | 36 |
| Herdla | Herdla museum. Bergen Militærhist. Kjøretøyfor. presenterar seg. Ferske bollar frå feltbakeri. | | 37 |
| Alvøen | Alvøendagen. Hagefest med skattejakt og underholdning. Bryggedans. | | 39 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | | 39 |
| Fjell | Langøy Kystkultursenter. Turløype med kult. og hist. postar. Fiskefestival. | | 40 |
| Fjell | Fjell Kulturhus. Bygdakveld med utdeling av kulturprisen. | | 41 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad | | 41 |
| Fjell | Fjell kulturhus. Kiwanis Haustutstilling | | 41 |
| Øygarden | "Kystsogedag". Egil Skallagrimsson kjem på vitjing, konsert, leikar/konkurransar m.m. | | 45 |
| Øygarden | Veteranskipet "Granvin" ligg ved kai, her blir det sal av ymse. | | 45 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og gamal handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | | 43 |
| **7. SEPTEMBER** | | | |
| Herdla | Omvisning og orientering på Herdla Fort. | | 37 |
| Herdla | Herdla museum. Bergen Militærhist. Kjøretøyfor. presenterar seg. Ferske bollar frå feltbakeri. | | 37 |
| Alvøen | Omvisning i Hovedbygningen. | | 39 |
| Håkonshella | Historisk utstilling i og rundt samfunnshuset. Fotoutstilling. Sal av mat og drikke. | | 39 |
| Olsvik | Olsvik Kyrkje. Konsert med Sigvart Dagsland, Bengt Egil Hanssen og Olsvik Tensing. | | 39 |
| Øygarden | Busstur frå Bergen. "Øygarden-frå gamal til ny tid" med lokalkjende guidar. | | 45 |
| Øygarden | Kystmuseet i Øygarden syner utstillinga "Havets sølv og svart gull". | | 44 |
| Trellevik | Kulturlandskap og sjøbruksmiljø, utstilling, kanopadling i Trellevika, sal av mat og kaffi osv. | | 42 |
| Glesvær | Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. | | 43 |
| Fjell | Galleri Haganes. Roald Tellnes kunstsamling. Bok-kafe m/sal av kaffi og vaflar. | | 41 |
| Fjell | Salsutstilling v/kunstnaren Jarle-Hugo Låstad. | | 41 |
| Fjell | Fjell kulturhus. Kiwanis Haustutstilling. | | 41 |

## Austevoll

Langt ute i vest, der landet møter sjølve storhavet, ligg Austevoll. Eit lokalsamfunn basert på fiske og fiskeoppdrett med tilsaman 667 store og små øyar. Her er det 4300 innbyggjarar fordelt på 10 øyar Austevoll er idag ein av dei leiande fiskerikommunane i verda og ein av dei aller største oppdretts-kommunane i landet. Mellom Selbjørn og Stolmen er verdas lengste fritt-fram-bru under arbeid (hovu spenn 301 m. opning desember-98).

# Satsingsområde:

**Bakkasund:**

Om staden:

Bakkasund på Storekalsøy lengst nordvest i Austevoll har lange tradisjonar for handel, fiske, losing og småbruk. Her er eit rikt miljø med kystmuseum og landhandel med småbåthamn. På Storekalsøy er kolera-kyrkjegard, loshytte, kapell og naturleg amfi på Skansen mot storhavet.

Aktivitetar:

Landhandelen og kystmuseet held ope kvar dag. Loshytta vert opna etter avtale. Frå denne kan du m.a sjå Marsteinen fyr og hav. Det vert høve til busstur med omvisar til Storekalsøy kapell, loshytta, kolei kyrkjegarden og Skansen. Delar av Nordsjøløypa går over Storekalsøy, - informasjon om løypedelen utarbeidd.

*Kontakt: Unn Kalve på tlf. 56 18 31 90/ 56 18 31 27*

**Kvalvåg:**

Om staden:

Kvalvåg på øya Stolmen, lengst sørvest i Austevoll, er ein gamal og tradisjonsrik handelsstad. Her er stor bygningsmasse med m.a. trelastlager frå 1890-åra på nære 2.000 m2, brennevinsbu frå 1700-tale bustadhus frå 1830-åra og naust under restaurering. Her er eit flott kaianlegg. Her er stor løebygning frå 1892 og andre uthus. Her er gammal kyrkjegard og kyrkje, Møkster kyrkje frå 1892. På Stolmen ( restar etter steinalderbuplassar og krigsminnesmerke, store naustmiljø, vakre murar, kulturlandskap n

Aktivitetar:

Sundag 10. august: Omvisning med lokalkjende folk. Sal av kaffi og kaker. Det vert også høve til å kjøpa ulike produkt laga av lokalbefolkninga, som også skipar til torg. Opning av delar av Nordsjølø; Stiftelsen Kvalvåg Seilsenter har familiedag på Kvalvåg.

*Kontakt: Olav P. Årland på tlf. 56 18 50 80*



Bekkjarvik Torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarvik Gjestgiveri. [illegible] er også ein framifrå gjestehamn.

**Bekkjarvik:**
Bekkjarvik på Selbjørn har lange tradisjonar som hamn, handel- og gjestgjevarstad. I fyrste helvta av hundreåret var Bekkjarvik ein viktig industristad med stor tønnefabrikk og sildesalteri. Staden er i dag ein viktig base for fiskeri. Her er gjestgiveri i drift, butikksenter, bibliotek, skule- og kulturbygg, idrettsbane, kyrkje frå 1898 og mange eldre og moderne bygningar i svært god stand. Staden er i dag eit spennande reisemål.

Aktivitetar:
Laurdag 09. august: Kl. 12.00 opning av Vestkystparken – 60 års jubileum for Bergen og Omland Friluftsråd. Diverse lokale programinnslag.

Laurdag 16. august: "Granvin" kjem i rute, kulturminnestafetten, til Bekkjarvik kl. 13.00. Vidare program for dagen: Utstilling, aktivitetar som spinning, karding, baking m.m., sal av ulikt, roing, aktivitetar for born, høve til turar på land og sjø og underhalding i Torget og kulturkveld i Nothengja av Strilabelgen og Selbjørn Song- og Revygruppe.

Sundag 17. august: Friluftsgudsteneste kl. 11.00. Kulturminnedokument frå Austevoll vert overlevert kl. 12.30. "Granvin" legg frå kai kl. 14.00. Turen går vidare til Halsnøy i Sunnhordland.

*Kontakt: Inge Halstensen på tlf. 56 18 40 00*



*Brugdebåten "Bregdo" under fulle segl. Kopi av brugdebåt frå 1790.*

Bømlo er eit øyrike med Nordsjøen som næraste nabo i vest. Kommunen omfattar vel 1000 øyar med ei samla areal på 247 km2, og har 10500 innbyggjarar. Folket har til alle tider vore knytta til sjøen. Også i dag set skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og verksemder knytta til det maritime miljøet preg på næringslivet.

# Satsingsområde:

**Brandasund:**
Gamal handel-og gjestgjevarstad frå 1600-1700 talet.

Aktivitetar:
Lørdag 9. august: Brandasundsdag. Torghandel, sal av havets frukter, fiskereidskaper, lefser, m.m. Folkedans, veteranbåtar. Fabrikkloftet opent frå kl. 11.00-01.00. Servering av kystmat fram til kl. 20.00. Oluf fortel historier og sagn. Frå kl. 20.00 vert det dans.



*Brandasund*

I Naustvika ullverkstad og steinsmie vert det sal og demonstrasjon av: torving, karding, spinning, slipir og rosemaling. Plantefarging kl. 14.00-16.00.



*Frå Bømloteateret sitt oppsett: "Gullgravere"*

**Gullgruvene på Lykling:**
Ola Olsen Lykling heite ein liten gut, som medan han gjette sauer i utmarka fann det fyrste gullet på Lykling. Tjue år seinare fann ein gull i "Storhaugen Grube". Dette utløyste eit "gullrush" utan sidestykke i Noreg.

Aktivitetar:
Gruvevandring 10. og 17. august kl. 14.00. På vandringa som tek omlag 2 timar møter de rallaren med sine rallarviser og ser synlege spor av gruvedrifta i den særprega naturen.

Bli med på spanande gruvevandring o opplev historia om gullfeber, fattigdo klasseskilje og harde arbeidstilhøve.

**Espevær:**

Espevær er eit "fiskevær" ytterst i Bømla-fjorden med lune hagar godt skjerma frå storhavet. Espevær er mellom anna kjent for grønnsteinsbrotet på Hesperiholmen (4-5000 f.kr.), Baadehuset frå "vårsildfisketida" og Hummar-parken.



*Espevær.* *Foto: Anders Sta*

Aktivitetar:

Søndag 10. august: Espeværsdag. Omvisning i Baadehuset kl. 10.00-13.00 og 15.00-18.00. Her møter du fiskerioppsyn og fiskarar, og får servert hellebakst. Demonstrasjon av gamle motorar ved Mæhle's mek. verkstad. Hummarparken vert det omvisning kl. 11.30-13.00 og 15.00-18.00. Laksegrilling kl. 12.00. På Biekronå vert det servert mat frå gamle dagar. Ope kl. 10.00-21.00. "Den hemmelege sjørøvarklubben" for born i alderen 5-12 år. Påmelding kl. 10.00, start kl. 13.00

**Moster Amfi:**

Kyrkjehistorisk senter i tilknytning til den finaste utescena i Nord-Europa og arena for årlege Mostraspel i mai/ juni. Senteret er ope dagleg for omvisning 23.06-17.08. Vår/ haust ope søndagar.



*Bømloteateret "Splint"*

Aktivitetar:

Laurdag 16. august kl. 17.00 syner Bømlo teateret "Splint" i Moster Amfi. Bømloteateret skildrar gjennom teksten til Norvald Tveit og regien til Ragnhild Randal forholdet mellom dei reisande og fastbuande i skjemt og alvor. "Splint" vart hausten og vinteren 96-97 synt på Bømlo, Stord og i Haugesund med fulle hus og til strålande kritikkar.

**Billett sal/ info:**

Sunnhordland Guidetjeneste, tlf. 53 42 02 11. Det blir ulike aktivitetar for heile familien på kveldstid i tilknytning til forestillinga.

**Reiseinformasjon:**

Kontakt HSD Turistinformasjon: 53 42 15 33

Arrangements informasjon for kystsogeveka: Brandasund 53 42 95 10, Gullgruver 53 42 02 11, Espevær 53 42 48 66, Splint-Moster 53 42 07 90

Fitjar er staden for deg som er på jakt etter individuelle naturopplevingar, nærkontakt med naturkreftene ved storhavet, båttur i det idylliske øyriket, eller fottur i det varierte fjellterrenget. Kommunen er eit ypparleg utgangspunkt for dagsturar, både inn fjorden, til Bergen og langs kysten. I Fitjar finn du gamle handelsstader og gardstun, som kvar har si eiga historie. Blant øyar, holmar og skjer har desse frå gamalt av og fram til i dag fungert som samlingsstader og knutepunkt for fastbuande og sjøfarande. Fleire av dei gamle handelsstadene er framleis attraktive og i drift.





*Foto: Stein Erik Gilje*

**Smedholmen:**

# Satsingsområde:

| | |
|---|---|
| **Håkonarspel:** | "Kongen med Gullhjelmen" av Johannes Heggland<br>musikk Ketil Hvoslef og Knut Vaag<br>regi Anne Gullestad - medinstruktø<br>Ragnhild Randal |
| Medverkande: | m.a. Paul-Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Ber<br>Opheim og ca. 50 amatørar |
| Musikarar: | Sagvåg Musikklag |
| Kor: | Osternes Mannskor m.fl. |
| Produksjon: | Fitjar kommune, Kulturformidlinga<br>Håkon den Gode, Hordaland Teate |
| Stad: | Håkonarparken, Fitjar |
| Tid: | Urpremiere 9. august 1997 kl. 15.(<br>Framsyning 10.august 1997 kl. 15. |

BILLET SERVICE
Tlf: 815 33 133

Billettar får ein kjøpa på posten.

Kl. 18.30-23.30: Open premierefest med ferjetur på fjorden.

Kyst- og naturlivsskule. Smedholmen er ei lita, låglendt øy som er kledd med bjørk, furu, gran, lyng, einer og grøn eng. Eit typisk vestnorsk kystlandskap prega av tradisjon og kultur. Smedholmen er driven etter ein grunntanke der personleg kontakt, fellesskap, tradisjonelt handverk og godt sjømannskap er viktigast. Åtte eldre båtar, seglskuta Seladon og eit gamalt vestnorsk bygningsmiljø utgjer Smedholmen. Turane er opne for alle, du treng ingen forkunnskapar. For bedrifter, lag, skular og andre grupper skreddarsyr me turar.
Skuta Seladon er bygd i 1937. Ho er 17,5 m. brei og er sertifisert for 35 personar. Overnatting skjer om bord. Der er sengeplass til 17 stk. fordelt på 12 faste køyer og 5 hengekøyer. Det er toalett og bysse ombord.


*Foto: Aslaug Aarbø*

Aktivitetar:

11.08: S/K Seladon er disponibel for grupper som ynskjer seg ein tur. Kl. 11.00
12.08: Segltur med S/K Seladon. Fisketur til Høkkelboen. Kl. 11.00
13.08: Segltur med S/K Seladon. Servering i Brandasund Kl. 11.00
14.08: Segltur med S/K Seladon. Temadag: Historie frå øyane. Kl. 11.00
15.08: Segltur med S/K Seladon. Opplæring i sjømannskap. Kl. 11.00
16.08: Segltur med S/K Seladon til Bekkjarvik. Kl. 11.00

*Kontakt: Smedholmen, Fitjar tlf.: 53 49 74 32 mobil: 945 06980 privat: 53 49 78 03.*



**Færøysund:**
Færøysund er ein av dei gamle handels- og gjestgjevar stadene i Hordaland. Staden var i drift frå ca. 1630-1965, då forretninga vart flytta til Sandvikvåg. Vår familie har vore eigarar frå 1908, då Johan Sandvik og broren Knut overtok. Frå 1991 til 1993 vart fleire av bygningane restaurerte, og dei er no i bruk som bueiningar for turistar. Hovudbygningen (gamlehuset) vart flytta til Færøysund i 1848. Den er restaurert, og framstår no som ein god representant for kjøpmannsbustadene frå 1800 talet.
*Kontakt: Harald Johan Sandvik, 5419 Fitjar, tlf. (og fax): 53 49 73 54.*

Søndag 17.august vert det båtdag i Færøysund. Dette er den offisielle avslutninga på Kystsogeveka i Fitjar.

**Andre aktivitetar:**

09.08: Ymse aktivitetar i sentrum, kl. 10oo-14oo. Brukskunstutstilling i Dalebuo t.o.m. 17.08.
10.08: Gudsteneste etter gamal liturgi med biskop Hagesæther i Fitjar kyrkje, kl.11oo.
12.08: Hordaland Teater syner "To kapteinar", barneteater, kl. 18oo.
13.08: Fitjar folkebibliotek - tema: Oselvar, kl.19oo.
15.08: Kulturkveld på Øvrebygda skule, kl.19oo.
16.08: Fiskefestival med aktivitetar i Fitjar sentrum, kl.10oo-17oo. Kulturell vandring -kulturhistorisk natursti, kl.13oo. Ridetur over fjellet til Færøysund der det vert overnatting, sjå kunngjering. Håkonarseilasen kjem inn.
17.08: Håkonarseilasen startar, kl.11oo. Båtdag i Færøysund. Årskog museum er ope dagleg.

**"Eit Noreg i miniatyr"**
fordi naturen er så variert. På Stord finn du nakent kystlandskap, store høgfjellsområde, lun skjergar og skogkledde lier. Leirvik er regionsenteret for Sunnhordland. Ved sida av alt denne koselege småby kan gi av service kan du rundt heile øya finna fram til lune, rolege vikar. Det er korte avstandar til tu attraksjonane distriktet, og god samferdsle til dei nærliggjande byane Bergen, Haugesund og Stavang



*Ein sommartur i Svartorskogen er som ei vandring i ein tropisk regnskog.*

# Satsingsområde:

**Sunnhordland Folkemuseum:**
Sunnhordland Folkemuseum er distriktsmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruk, skogbruk, sjøbruk og førhistorisk tid, dessutan viser vi ei tekstilsamling og kunstnaren Torleif Agdestein si skulptursamling.

Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbrukbygningar, to røykstover, ei lemstove, ein skule, ei krambu og ei strandsitjarstove.



*Futastova - Sunnhordland folkemuseum Foto: Tor R*

Aktivitetar:
Temautstillinga 1997 har tittelen "LIV LANGS LEIA": Gjestgjevarstader - kalkdrift - industri ved el Utstillinga viser gjestgjevarstader langs skipsleiene i Sunnhordland, korleis Sunnhordlands-bøndene brende kalk til mørtel, og aktivitetane ved Frugardelva den tid det var sag, mølle og vervaplass der.

Opningstider 2. mai - 31. august 1997: Måndag, tysdag, torsdag, fredag kl. 10.00-15.30
Onsdag og sundag kl. 16.00-19.00. Laurdag kl. 10.00-13.00. Postboks 51, 5400 Stord, telefon 53 41

**Sagvåg - Jensaneset:**
Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd båtar i mest kvar ei vik og på kvart eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg byggjeplassane tett i tett; Jensaneset, Breiavikjo, Vervatåno, Holmen, Skjeparvik, Eriksøyro og Tjøregrovneset. Der det var plass til å strekkja ein kjøl, der gjorde dei det. Nokre var i drift berre ein kort periode, andre i eit par mannsaldrar, medan det største, Ottesen Skibsbyggjeri på Jensanes bygde båtar i nærare 150 år. Otte Ottesen starta med båtbyggjing på Jensanes i 1825. Ottesen skipsbyggjeri bygde båtar til langt inn i 1950 åra, og selskapet eksisterer den dag i dag. No vert verven leigd ut til Sagvåg Båtservice som reparerer båtar og sel motorar og båtutsyr.

Området er godt bevart, og bygningane står i dag omlag slik dei gjorde på 1920-talet. Svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Fleire av dei over 20 bygningane er restaurerte, mellom anna oppgangssaga. Smia er også omlag slik i dag som den var på 1920-talet.

Sagvågen kystlag, har vore heldig og fått leiga eit av husa på verven, der ein har samla fleire gamle robåtar og ein 32 fots gavlabåt.

**Aktivitetar:**
Ein gong i året har Kystlaget arrangert ein "VERVADAG" der ein har vist ulike handverk på skipsbyggjeriet. I samband med kulturminneåret vil det verta "VERVADAG" på Ottesen Skipsbyggjeri den 16. august. Då kan ein sjå oppgangssaga i bruk, smeden i arbeid i smia, skipstømmermannen som mellom anna lagar naglar og mykje meir. Ein kan gå rundt på det gamle skipsbyggjeriet og oppleva det unike miljøet.



*Karsten Hillestad sagar eikeplank på den nyrestaurerte oppgangssaga.*

Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland, ligg sentralt ved seglingsleio langs kysten. Flokavarden (seina Ryvarden) har vore seglingsmerke i over 1100 år og folket i Sveio har havet og sjøen både som matfa og arbeidsplass.

# Satsingsområde:

**Fartein Valen-huset:**
Her budde og arbeidde komponisten Fartein Valen.

Aktivitetar:
Ope tirsd.-fred. kl. 12.00-15.00, laurdag kl. 14.00-17.00 og søndag kl. 15.00-18.00

| | |
|---|---|
| Søndag 10. august kl. 18.00: | Konsert med Tino Fjeldli og Henrik Marmén. |
| Søndag 17. august kl. 18.00: | Konsert med Einar Steen-Nøkleberg. |

**Galleri Ryvarden, Ryvarden Fyr:**
Kultursenter i dei gamle fyrbygningane med kunstutstilling, kafé og minimuseum.

Aktivitetar:

| | |
|---|---|
| Utstillarar juli-august: | Astrid Ræstad Synnes, tekstil og biletkunst. Arne Mælen, trearbeid.<br>Ope tirsd.-sønd. kl. 12.00-18.00 |
| 9.-18. august: | Modellbåtutstilling i atelier |
| 18. august: | Stoppestad for "Kulturminnestafetten" |



*St. Hans feiring på Ryvarden Fyr.* *Foto: Ellen Tveit*

**Førde i Hordaland:**
Vakker gamal tettstad innerst i Førdepollen.

Aktivitetar:

| | |
|---|---|
| 13. august kl. 18.00: | Strandhogg på kaien med Sveio kystlag som hovudarr. Familiekveld med program for store og små, grilling og sal av litt av kvart. Trebåtmønstring med "Oa-åttringen" i spisse og bryggedans. |



*Kystmotiv - Sveio*

**Hovda-Bua :**
Her vart det grave og vaska gull på 1800-talet.

Aktivitetar:
Laurdag 16. august kl. 12.00: Buaspeiarane, Bua husmorlag og Bua ungdomslag har aktivitetar og presenterar "gullområdet" og historien rundt.

Søndag 10. august arrangerar Sveio turlag tur frå garden Straume og her kan ein få høyra både om Ramna-Floke og Smørsundkjerringa. Distriktet langt sør i kommunen har mykje fin historie å by på.

Garden Bjørgjo ligg i Ålfjorden og var lenge veglaus. Folket gjekk difor over fjellet når dei skulle i kyrkja. Søndag 17. august arrangerar Sisu 4H og Valestrand sokneråd tur langs den gamle kyrkjevegen med gudsteneste og kyrkjekaffi etterpå.

# Austrheim

**Frå steinalder til oljealder.**
Historia om Austrheim fortel mykje om den utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg. Den som idag tar turen gjennom kystlandskapet, ser mange spor: buplassar frå steinalder og tufter frå vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus frå førre århundre, og ikkje minst oljealderen sine veg bruspenn og høgteknologiske installasjonar. Historia om Austrheim er historia om korleis mennesket formar og pregar landskapet i sin kamp for å ta i bruk natur-ressursane, frå steinalder til oljealder.
I dag er oljeindustrien viktigast for sysselsetjinga. Folketalet i Austrheim er ca. 2500.

## Satsingsområde:

**Fonnesvågen. Sildekast og fraktefart.**
Laurdag 16. august kl. 15.00:Kasting med den gamle landnota og med ei moderne ringnot. Omvisning på fraktebåt.

**Øksnesmarka v/ turløypa. Frå torv til brensel.**
Sundag 17. august. kl. 14.00:Turmarsj frå Årås (Blodvika) kl. 13.00. Demonstrasjon av torvtaking m.r

**Hoplandskvernene:**
Vi veit ikkje kor gamle kvernene er, men etter matrikkelen frå 1667 og 1723 har det vore to kverner på Hopland, og vi vil tru dette er kvernene i Hoplandsmarka. Kvernene vart sette i stand rundt 1. verdskri og i trettiåra, og under 2. verdskrig bar kvernanlegget namnet Hopland Bygdemølle. Utover i femti og sekstiåra fekk kvernene meir og meir preg av forfall, men i første halvdel av 70 åra vart kvernene restaurerte.

Laurdag 23. august: Frå korn til brød.
Denne dagen vil vi ta kvernene i bruk att.
Stad: Litle-Lindås og Hoplandskvernene.

Kl. 14.00: Skuleelevar har sådd og hausta korn. Kornet skal malast og drøftas. Det vert gjort "ute i det fri", der "steinalder-stien" startar på Litle-Lindås

Kl. 15.30: Ein samlast ved Hoplands-kvernene for å mala korn, og baka brød. Diverse aktivitetar og kulturinnslag.



*Hoplandskvernene* *Foto: Studio Nordhordland/ Jan Einar Hjelme*



*"Bruvik"*

**Med gamledampen til "bydn":**
Laurdag 23. august.: "Bruvik" går i kjølvatnet etter den gamle båtruta mellom Austrheim og Bergen, med underhaldning ombord og innlagt handletur i "bydn". Ruta for reisa vert kunngjort seinare.

**Vardetangen. På tur til Noregs vestlegaste fastlandspunkt.**

Sundag 24. august. kl. 11.00 - 17.00: Turløype frå Ervikane eller Fonnesvågen. Alle som deltek får "Vardeknappen", provet på at ein har vore på Noreg sitt vestlegaste fastlandspunkt.

*For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjon tlf.: 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.*



*På skuletur til Vardetangen. Norges vestlegaste fastlandspunkt. Foto: Åse Tresvik Låstad*

# Fedje

**Øya vest i havet.**
Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommun består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjær. Folketalet er ca. 700. Fedje er ikkje Costa del Sol og ikkje den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelin er kvardagskost for fedjingar. Men så, uventa og velkoment, tørkar sola skyene bort. Så tagnar vinden, og så ligg Fedje med alle sine holmar og skjær bada i det store lyset. Du er ikkje einsam her ute i have Du er vår gjest, me bryr oss om deg. Du som kjem frå innland eller utland, frå Bergen eller dei andalusiske sletter. Prat med folket, lat oss læra kvarandre å kjenna, me har enno tid til å vera menneske mot menneske.

## Satsingsområde:

**Kræmmerholmen:**
Kræmmerholmen handels-og gjestgjevarstad frå det 17.århundre, er ein av dei gamle priviligerte handelstadane som blei etablert av pengesterke kjøpmenn i Bergen. I 1842 blei ein ny og meir restrikti handelslov innført, og handelen på Kræmmerholmen tok slutt i 1880-åra. I dag, over 100 år seinare, er Kræmmerholmen restaurert og rehabilitert etter antikvariske retningslinjer og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad.

| | |
|---|---|
| 30. august kl. 15.00: | Fedje spel. Lokale aktørar har urframsyning på Fedje-spelet av Karl Storhaug. Spelet viser livet på gjestgjevarstaden, og Fedje som øysamfunn. Det vert sett fokus på gamle mattradisjonar på Kræmmerholmen i Kystsogevekene.<br>Ope 16. - 31. august 11.00 - 24.00 kvar dag.<br>Ope ellers i året sun.-tors. 12.00 - 19.00 fred.-laurd. 12.00 - 01.00. |
| 16. - 31. august: | Fedjesamlingane.<br>Det vert lokalkjende omvisarar på kystsamlingane. Utvida opningstid. På kystmuseet kan du gjera deg kjent med det som var på Fedje, slitet i kvardagen, dramatikken på havet, sosiale tilhøve i glede og sorg. |



*Hellisøy Fyr* *Foto: Øyvind Olsnes*

**Hellisøy Fyr:**
Hellisøy Fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke der det ligg på ei lita øy i sør mot Fedjeosen. Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Det karakteristiske runde støypejernstårnet har ei høgd på 33 meter og ei lyshøgd på 46 meter over høgvatn. I 1954 vart fyret elektrifisert med straum frå land. På denne tida vart og drifta lagd om, slik at familien til fyrvaktaren ikkje lenger skulle bu på fyret. Fyret vart automatisert i 1989, og nedbemanna i 1992.

28. august - 31. august.kl. 12.00 - 17.00:

Fyrsafari til Hellisøy fyr. Eldre fyrvaktarar vil guida på fyret, og fortelja om daglegliv og historikk.
Det vert skyss over fyrsundet. Enkel servering i fyrvaktarboligen.

For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med:
Turistinformasjonen på Fedje
tlf.: 56 16 43 20.
Ope 2. mai - 31. august,
mand. - lørd. 10.00 - 16.00
sund. 11.30 - 14.00

eller:
Nordhordland Reiselivslag,
Turistinformasjon
tlf. 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.



*Kræmmerholmen - den gamle handelstaden* *Foto: Øyvind Olsnes*

Kystkommunen Gulen ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland, mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Landarealet på 596 km² er prega av ein variert og spennande natur, med omlag 1500 øyar, holmar og skjær, og eit fastland med små dalføre som går på kryss og tvers i landskapet. Spennet er langt frå dei ytste nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Dei omlag 2500 fastbuande i kommunen bur spreidd i landskapet, og fordeler seg ganske jamt i dei fire skule-krinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes.

Under kystsogevekene vert det ei rekkje spennande aktivitetar i heile kommunen. Velkommen !
For informasjon om reisemåte, overnatting og aktivitetstilbod:
*Kontakt Reisemål Ytre Sognefjord og Dalsfjord, 5966 Eivindvik, tlf. 57 78 43 42*

# Satsingsområde:

| | |
|---|---|
| **Håkonarspel:** | "HÅKON ADALSTEINFOSTRE I GULA" av Johannes Heggland |
| Musikk: | Ketil Hvoslef og Jostein Stalheim |
| Regi: | Anne Gullestad - medinstruktør Ragnhild Randal |
| Medvirkande: | mlm.a. Paul-Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kyrre Eikås, Silje Sjemstad, Kjersti Wiik og ca. 50 amatører |
| Musikarar: | Manger Musikklag |
| Kor: | Gulatingkoret |
| Produksjon: | Gulen Kommune – kulturformidlinga Håkon den Gode – Hordaland Teater – Sogn og Fjordane Teater |
| Stad: | Flolid, Eivindvik |
| Tid: | Urpremiere 23. august kl. 15.00<br>Framsyning 24. august kl. 15.00 |

BS BILLETT SERVICE Tlf: 815 33 133

**Billettar får ein kjøpa på posten.**



*Foto: Kjell Solheim*



*Den "angliske" krossen*

**Kulturminneområdet Eivindvik:**
Gulatinget, som var det første landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av statsapparatet etter samlinga av Noreg til eitt rike, vart skipa i Eivindvikområdet ein gong før år 900 og heldt til her til det vart flytta til Bergen rundt år 1300. Dei to steinkrossane i Eivindvik og døypefonten av stein i Gulen kyrkje, alle truleg frå omlag år 1000, skal vere av dei finaste tidlege kristne minnesmerka i landet.

Opplysningsmannen Niels Griis Alstrup Dahl (1778-1852) kom til Gulen som kapellan i 1804, og vart seinare både prest og prost i distriktet. Han var ein framståande mann på mange område, m.a. innafor skulevesen og opplysningsarbeid, helsestell og jordbruk, og stod for eit einestående arbeid med utskifting av rundt 200 jordeigedommar i prestegjeldet. Prost Dahl bygde opp prestegarden i Eivindvik til eit mønsterbruk, og gav ny kraft til den tradisjonelle byggjeskikken, med mykje bruk av gråstein både i steingardar, driftsbygningar og våningshus.

Hovudarrangement under kystsogeveka:
23.-24.08: Håkonarspel på Flolid (sundag også friluftsgudsteneste)
31.08.97: Prost Niels Griis Alstrup Dahl-markering: Langbord m/ sjømat, opplevingstur langs Prestegardsstien m/ guide og overraskande innslag, utstilling av gamal jordbruksreiskap, underhaldning frå utescene o.a.

Ellers er det planlagt at folk skal få oppleve ein "ekte" vikinglandsby, med handverkarar, leikande born, mjøddrikkande berserkar og mykje meir. Dette vil skje på Flolid frå 23.-30.08.

**Gulen Fiskarbondemuseum, Byrknesøy:**
Heilt fram til etterkrigstida var fiske og jordbruk i kombinasjon den vanlege levevegen på kysten. Gulen Fiskarbondemuseum har som målsetting å ta vare på og synleggjere denne til no lite påakta delen av kystkulturen.

Museumsområdet inneheld eit autentisk fiskarbondebruk frå førre hundreåret, med våningshus, sjøbu, steinmurt naust, jordkjellar, eldhus og sjølvsagt utedo. Anlegget ligg i eit verna område ved Barvågen på Byrknes, og har ei bra samling gamle gjenstandar.

Området er under restaurering og kjem med for fullt under Kystsogevekene -98.



*Foto: Arne Helge Byrknes*

**Vikingtid og strilekultur.**
Vikingtid og strilekultur er stikkord når du vil føle Nordhordland på pulsen. Her, i det som i dag er Lindås kommune, var det sentrale midtpunktet i distriktet på Harald Hårfagre sine dagar, og slik er det også i dag. Det er i Lindås du finn hotella, regionsenteret og utgangspunktet for mykje av oljeverksemda i Nordsjøen. Det er her du finn Håkonshaugen, der Håkon den Gode i følgje tradisjonen skal vera gravlagt, og bøkeskogen, den nordlegaste i verda.



*Brudløpet* *Foto: Ste*

# Satsingsområde:

| | |
|---|---|
| **Håkonarspel:** | "HÅKONARVARDE" av Johannes Heggland |
| Musikk: | Ketil Hvoslef og Jostein Stalheim |
| Regi: | Anne Gullestad - medinstruktør Ragnhild Randal |
| Medvirkande: | m.a. Paul-Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kjersti Wiik og ca. 50 amatører |
| Musikarar: | Eikanger-Bjørsvik Musikklag |
| Kor: | Seim Songlag |
| Produksjon: | Lindås Kommune – kulturformidlinga Håkon den Gode – Hordaland Teater |
| Stad: | Håkonshaugen - Seim |
| Tid: | Urpremiere 16. august kl. 15.00<br>Framsyning 17. august kl. 15.00 |

**Billettar får ein kjøpa på posten.**

BILLETT SERVICE
Tlf: 815 33 133



*Foto: Roald Straume*

**Lyngheisenteret:**
Guiding i kulturlandskapet på Lygra. Utstilling om Lyngheisenteret i ei gamal restaurert grindverksløe.
18. - 29. august Lyngheivandring.
Kl. 11.00: Det vert vandring med guide frå kyrkja på Lygra kvar dag. Parkering ved kyrkja og den gamle skulen på Indre-Lygra. Du får kjøpa kaffi og lyngheilefsa i utstillingsløa.
10. mai - 14. september kan grupper tinga guiding på tlf.: 55 23 99 90.



*Foto: Erlend Spurkeland*

**Gudstenester på Lygra:**

| | |
|---|---|
| 20. juli kl. 11.00: | Gudsteneste |
| 10. august kl. 19.30: | Kveldsgudsteneste |
| 7. september kl. 11.00: | Gudsteneste |

**Håkonarhelg i Seim:**
Laurdag 16. august 1997. Programmet startar kl. 11.00 med historiske vandringar.
Det vert ulike tilbod for dei besøkjande på Seim under spelet. Historisk vandring med leiar i Bøkeskogen som var eit merkje i bygda alt på dei tider då Håkon den Gode oppretta leidangsordninga som eit forsvar for kyststripa. Kåken i Thorsheimsskogen som er ei bortgjøymt heimefronthytte bygd i 1944. Vandring kring Håkonshaugen der får du høyra bl.a. om leirkrukka på Reinemyra, det gamle klyngjetunet, kongsgarden, og Tora Mostrastong.

| | |
|---|---|
| Open kyrkje med orgelmusikk: | Seim sokneråd inviterar. |
| Open gard: | Seim bondelag og Seim bondekvinnelag |
| Salsutstilling: | Husflidprodukt. |
| Servering: | Middag og kaffi i Strilatun og Vallevik Feriesenter. |

**Sundag 17. august 1997.** Programmet startar kl. 09.30. Buss frå parkeringsplass v/ Seim skule til Fosse i Alversund. Håkonarmarsjen 1997. Historisk marsj langs ruta kong Håkon den Gode vart førd frå Laberget i Alversund til Kongshaugen på Seim.

Gudsteneste i Seim kyrkje. Etter gudstenesta inviterer Seim sokneråd til open kyrkje med orgelmusikk.

Historiske vandringar som laurdag.

**Fredag 22. august 1997.**

| | |
|---|---|
| Kl.19.00 | Kyrkjekonsert "Tonar under same himmel" m/ Kjersti Wiik, Iver Kleive, Eikanger-Bjørsvik Musikklag og Strilagospel. |
| Arrangør: | L/L Grendahuset Strilatun. Konserten vert avslutning på Kystsogeveka i Lindås. |
| **22. - 23. august** | Lindås Jazz og Blues - festival. |

*For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med:*
*Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjon tlf. 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.*

**Djupe dalar, ville fjell**
Masfjord-naturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-tusen meter over havet - der dei første tunne armane av Haugsdalselva hentar vatn ut av snøfo Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten lenge før han går seg lei. Stordals-området har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vas og havbruk er dei viktigaste næringsvegane, vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfun Det bur ca. 1900 mennesker i kommunen.



# Satsingsområde:

**Bjørn West museet i Matre:**
Bjørn West museet ligg i Matre, innerst i Masfjorden ved Rv 1, ca. 90 km nord for Bergen. M sitt namn etter ein geriljabase som blei etablert i fjellområdet rundt Matre dei siste seks måna 2. verdskrig. I dei allietes planar skulle basen operera som reserve bak dei tyske linjene i tilf invasjon. Historien om Bjørn West er dramatisk, interessant og spennande norsk krigshistorie er museets oppgåve å ta vare på og formidla til nye generasjonar.

Ope kvar dag i juli og august frå 13.00 - 17.00.
Måndag - fredag 11.00 - 16.00 laurdag - sundag 13.00 - 16.00 frå april til september ellers etter avtale med museet. Tlf. 56 36 62 39/ 56 36 63 00/ 56 36 73 11.

| | |
|---|---|
| 17. august kl. 14.00: | Stølshelg med fylgjande innslag:<br>Hestar, rømmekolle, kveding og folkedans. Ymse musikkinnsla |

**Bjørn West marsjen:**
Kvart år sidan 1982, ein sundag i august, vert det arrangert Bjørn West - marsj. Marsjen går frå Litle-Matrestølen, over Kringlebotn til Stordalen, der det vert lagt ned krans på minnesteinen over dei som fall.

I dei siste krigsvekene var det mange trefningar mellom Bjørn West styrkane og tyskarane i Stordalen, Kringlebotn og ved Litle Matrestølen. I kampane miste 6 nordmenn og fleire tyskarar livet. Det er sett opp skilt på alle stader der norske fall i 1945.

Dei siste åra har det vore nær 1000 deltakarar på marsjen.



*Frå Bjørn West-museet*

**24. august:**
Kl. 09.00 Bjørn West Marsjen.
Turmarsj som går frå Litle Matrestølen over Kringlebotn til Stordalen. Omvisning på Bjørn West museet med veteranar.

Kl. 08.00-09.00: Musikantar spelar i Matre.

Kl. 16.00: Musikantar spelar i Stordalen. Ymse musikkinnslag.

*For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med Nordhordland Reiselivslag. Turistinformasjon tlf.: 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.*

**Porten til Nordhordland.**
Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Ein populær stad for dei som vil få seg ny b
Det har vore ei omfattande husbygging dei siste 10-15 åra. Frodige Holsnøy, største øya i kommu
har tett i tett med idyllar og historiske perler som minner om den gong då sjøen var ferdselsveg. (
Flatøy er ei naturperle i Nordhordland. Herifrå kan du gå til Håøy, ein populær stad for strandho
dei som kjem sjø-vegen.

# Satsingsområde:

**Holmeområdet:**
Holmeområdet var frå gamalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter og noverande bygningar. Sveitserhuset som er under restaurering vil visa ei tosidig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebustad for fagforeninga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass der det var meieridrift, post, butikk, bakeri, bøtkerverkstad og saltebu.
Kystsogevekene 97 vil fokusere på meieridrifta, livet i Holmestova, bøtker-handverket og sildesalting i Sjøbua. Ein vil freista gjenskapa det folkelivet som var på dampskipskaiane i 50-60 åra, og knyte dette opp til salsmesser for handverk.


*Frå Holmestova*

**Holmestova - museum:**
Holmestova er ei lemstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.

16. - 31. aug. kl.14.00 - 20.00: Det vil vera guide i Holmestova kvar dag i perioden. Ymse m innslag, framsyning av gamle handverk, levandegjering av liv Holmestova, gamle mattradisjonar.

**Sjøbua - museum:**
Sjøbua frå 1700-talet har vore tilhaldsstad både for bøtkerverkstad, saltebu, butikk og skjenkest

16. - 31. aug. kl.14.00 - 20.00: Museum for kysthistorie. Lokale guider kvar dag i perioden.

Sjøbua og Holmestova er ope kvar sundag frå 1.mai - 1. oktober frå 14.00 - 19.00 ellers etter avt
Meland kommune tlf.: 56 17 40 00.

16. - 31. aug. kl. 14.00 - 20.00: "KRAMBUA" til Anne Johnsen på Holmeknappen. Sal av hu frå "Vilja".

Sjursehuset, Frekhaug: Eiga utstilling på loftet "Heime hjå oss på 50-60-talet". (Kl. 14.00-20.00)Vilja sitt utsal i Sjursehuset på Frekhaug ha kvar dag i perioden.

**23. august:**

| | |
|---|---|
| Kl. 12.00: | Opning av salsutstilling for kunst/ handverk i nye Vestbygd skule. Gjesteutstillarar: Kåre Eikeland, Peder Leithaug, Sigbjørn Heie. |

**23. - 31. august**

| | |
|---|---|
| Kl. 14.00 - 20.00: | Lokale kunstnarar innbyr til salsutstillingar i nye Vestbygd skule. Musikk-innslag v/ musikkskulen. (Hovudopningstid i helgene). |

**23. august:**

| | |
|---|---|
| Kl. 13.00: | Opning av " Torgdag" m/ prolog. |
| Kl. 13.00 - 18.00: | TORGDAG - Holmeknappen med ulike aktivitetar for heile familien, m.a. båtmønstring, ord og tonar frå kystkulturen, framstilling av meierihistoria, bøtkerhandverk, sildesalting, smiing, posthistorie m.m. På Holmeknappen kai kafé vil det verta høve til å kjøpa matrettar heimehøyrande i 50- og 60-åra. |

**29. august:**

| | |
|---|---|
| Kl. 19.30: | Konsert og salmekveld omkring diktarpresten Petter Dass. Alversund kammerkor m.fl. |

**30. august:**

| | |
|---|---|
| Kl. 12.00: | Føremiddagstreffet si salsmesse i gymsalen i nye Vestbygd skule. Messa m/ kafé har ope 30. og 31. august. |
| Kl. 14.00: | Framføring av musicalen "Jorda rundt på 80 minutter" av barnekoret Gladglimt. |
| Kl. 18.30: | Bygdakveld med variert innhald i Musikkhallen på Holme: Revyen "Ein dag i livet" med Stiv Kuling. |
| Kl. 20.30: | Gamaldans og moderne rytmer med to orkester. Sal av små silderettar, spekekjøtt, mineralvatn m.m. Tilskipar: U. L. Von/ U.L. Framsteg |

**31. august:**

| | |
|---|---|
| Kl. 11.00: | Friluftsgudsteneste på Holmeknappen. |
| Kl. 12.00: | Vestbygdsmarsjen. Start kl.12.00 til 14.00. Turmarsj med kultur-historisk tilsnitt i området rundt Holme. Premiering. |
| Kl. 18.00: | Avslutning kystsogevekene. |

*For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjon tlf.: 56 35 16 01 fax:. 56 35 21 60.*



*Holmeknappen*

**Den grøne øya.**
Tilnavnet "Den grøne øya" viser til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy Kommune ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 km² og folketalet omlag 4.500. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen. Rhododendronhagen til Olav Tjore med sine 300 ulike rhododendron-artar og like mange trær og buskar er også vel verd eit besøk. Sesong april til oktober.



*Fiskelykke* *Foto: Jostein Vågenes*

# Satsingsområde:

**Bogatunet:**
Bogatunet er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap og sjøbruksmiljø. Det er bev:
opphavelege miljø. Det samanbygde huset inneheld dei fire delane: Eldhus, røykstove, bu m/loft
glasstove. Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Loftet over bua vart bygt kring 173
Det vart rive i 1905, seinare vart det rekonstruert. Tidlegare var det svalar kring huset, desse er bc
Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområde. Det e
få slike bygningar bevart i kyststroka i Vest-Noreg.



*Bogatunet*

**Frå 25. - 29. august vil ein "familie" bu på tunet, og levandegjera kvardagen for ein familie 1850-talet på Strilalandet. Det vert servert tradisjonsrik mat. Ope frå 11.00 - 18.00**

Ellers er det ope kvar sundag i juli og august frå 14.00 - 19.00, utover dette etter avtale med Radøy Kommune v/ Rune Rydland eller Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 45

**Vestnorsk utvandringssenter:**
Asbjørn Ystebø, som stammar frå Sletta, tok initiativet til å skipa Vestnorsk Utvandringssenter på Radøy. Med i planane var å flytta ei kyrkje, bygd av norske utvandrarar, frå Nord-Dakota til Radøy. Kyrkja er no ført opp på Sletta, og senteret skal opna 4.-6. juli 1997. I tillegg har Utvandrararkivet v/Jahn Sjursen, flytta frå Hordamuseet til Sletta. Arkivet inngår som ein del av Vestnorsk Utvandringssenter. I kystsoge-vekene vil guider fortelja historia om kyrkja som er flytta frå Nord-Dakota i USA til Sletta på Radøy.

Ope 7. juli til 1. september:
13.00 - 18.00. Ellers etter avtale med Vestnorsk Utvandringssenter tlf. 56 37 20 00.

**Sæbøvågen 23. august:**
Kl. 16.00: Rokonkurranse med oselvar. Det vert to klassar, over og under 16 år. Premiering. Ein oppmodar folk om å komma i båt. Det vert sal av mat og drikke.
Kl. 19.00 Bryggedans. Arrangør: Sæbø Ungdomslag v/ Jon Halstein Tjore tlf. 56 35 28/ 80/56 37 10 01

**Bøvågen 24. august:**
Kl. 13.00 Kysttreff på Rossnes ferjekai. Konferansier Dag Lindebjerg. Arrangør: Redningselskapet/ Radøy Senterparti v/ Tore Villanger tlf. 56 37 02 72.

**Manger 31. august:**
Kl. 15.00 Bogatunstevne. Stevne på Bogatunet avsluttar Kystsoge-vekene i Radøy. Tilskipar: Radøy Sogelag v/ Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 45.

*For informasjon om overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjon tlf.: 56 35 16 01 fax.:56 35 21 60.*



*Brampton Lutheran Church - før flyttinga til Radøy*

## Askøy

Med sine 19000 innbyggere er Askøy den folkerikaste kommunen i Hordaland nest etter Bergen. Avstanden frå Bergen sentrum til kommunesenteret Kleppestø er ca. 14 km. Avstanden frå Klepp i sør til den nordlegaste delen av kommunen, Herdla, er 30 km.

# Satsingsområde:

**Strusshamn:**
Strusshamn er ein gamal kyrkje, gjestgjevar, industri og administrasjonsstad for Askøy kommun fram til 1918 også omfatta Loddefjord og Laksevåg. Eitt av dei skjeldne strandhusmiljøa, med h 1700-talet finn ein her. Strusshamn var også karantenehamn for skip som kom frå hamner med p 1804 kjøpte Hans Nilsen Hauge Strusshamn for å byggje ei kornmølle. Dette var starten til ein i som vart avløyst av sjoddyproduksjon frå 1910 og til produksjon av dyner, puter og båtar i dag. I av lokala, som no vert kalla Aktivitetshuset Shoddyen, er ominnreidd av lag og foreiningar til m husflid og diverse andre kulturaktivitetar. I nokre av strandhusa driv Askøy Brukskunstlag divers aktivitetar.

I samband med kulturminnestafetten vil vetaranbåten "Granvin" leggje til kai i Strusshamn torsd 14. august.

Laurdag 6. september frå kl. 15.00, vil Askøyteateret, i samarbeid med lag og foreiningar, gje ei ring om Hans Nilsen Hauges engasjement, både industrielt og religiøst. Utstilling, film og sal av

Turen frå Bergen til Strusshamn tek ca. 15 minuttar med privatbil. Bussane til Vest Trafikk går f Busstasjonen via Christiesgat Bergen og til Kleppestø/ Stru



*Strusshamn* *Foto: Erling Virkesdal*

**Turar:**
Turar med Vest Trafikks buss Askøy kvar sundag, tysdag o i mai, juni og juli. Frå Berger Busstasjon via Christiesgt. Sj brosjyre.

Kontaktpersonar
Solfrid Hess, Askøy kulturko
tlf: 56 15 81 22 faks: 56 15 8
Erling Virkesdal, Askøy kult
tlf: 56 15 81 33 faks: 56 15 8



*Foto: Bård Kjersem*

**Herdla:**

Herdla øy er kjend både frå folkevandringstida og vikingtida. Kyrkjestad frå 1100-talet. Herdla blir rekna som den rikaste fuglelokaliteten i Hordaland med eit par hundre registrerte fugleartar. Frå eit observasjonstårn vil interesserte kunne oppleve noko av fuglelivet her. På Herdla er den største garden i Hordaland med ca. 250 storfé og ein årleg mjølkeproduksjon på ca. 400 000 liter. I samband med frigjøringsjubileet i 1975 vart Herdla museum opna. Museet er eit kultur, -natur og krigshistorisk museum med ting som viser glimt frå Herdla si mangearta historie frå istida og til vår tid. I utstillinga er det lagt spesiell vekt på fuglereservatet, Herdla kyrkje og 2. verdskrigen då tyske okkupantar let byggje flyplass her og alle som budde på Herdla måtte flytte.

Opningstider i museet:

1.5-1.10: Måndag til fredag kl. 10.00-15.00 Laurdag kl. 11.00-16.00 Sundag kl. 11.00-17.00

Spesielle arrangement

Laurdag 6. og sundag 7. september vil Bergen Militærhistorisk Kjøretøyforening presentere seg ved museet og servere ferske bollar frå feltbakeriet sitt. Sundag 7. september vil det også verte omvisning på Herdla Fort kl. 12.00 og 14.00 og gjeve ei orientering om Herdla fuglereservat.

Loddefjord er den vestre bydelen i Bergen, og har ca. 22.000 innbyggjarar. Bydelen er omkransa av Kvarven og Lyderhorn i aust, Byfjorden i nord, Hjeltefjorden i vest og Raunefjorden i sør.

# Satsingsområde:

**Haakonsvern:**
Vestlandets sjøforsvarsdistrikt.

| | |
|---|---|
| Håkonarspel: | "HÅKON ADALSTEINFOSTRE" av Johannes Heggland<br>musikk Ketil Hvoslef og Knut Vaage<br>regi Anne Gullestad - medinstruktør Ragnhild Randal |
| Medvirkande: | mlm.a. Paul-Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland,<br>Berit Opheim og ca. 50 andre amatørar |
| Musikarar: | Forsvarets musikkorps Vestlandet |
| Kor: | Breistein Mannskor |
| Produksjon: | Bergen kommune, Kulturformidlinga Håkon den Gode, Hordaland Teater |
| Stad: | Haakonsvern |
| Tid: | Urpremiere 30. august 1997 kl. 15.00<br>Framsyning 31. august 1997 kl. 15.00 |

BILLETT SERVICE Tlf: 815 33 133

| | |
|---|---|
| | Billettar får ein kjøpe på Posten.<br>Vaktar viser veg. Stort parkeringsområde inne på basen. |
| Salgsbodar: | Tradisjonsmat, pølser m/ brød, brus, kaffe m.m.<br>Brukskunstlaget sel heimeproduserte produkt, både til bruk og pynt.<br>Gjøgleri og moro for barna, v/ Loddefjord barne- og ungdomsteater. |

Buss fra Bystasjonen (Vest Trafikk) både til Håkonshella, Haakonsvern, Alvøen og Olsvik.



*"Håkonsstøtten"*
*Foto: Magne Åhjem/ Roald Straum*

**Haakonshella:**
Staden der Håkon den Gode vart fødd i året 920 og der han døydde omlag 40 år gamal. "Håkonsstøtten" (6 m. høg) reist i 1920. Friluftsområde med fine fiskemoglegheiter.

Stor utstilling i/ ved samfunnshuset. Opent for publikum søn. 31.08: Kl. 10.00-14.00 og søndag 07.09 kl. 12.00-16.00. Gamle bilar, motorsyklar, dykkarutstyr, telefon/ telegrafstasjon, naustmiljø, jorbruksreiskap, hestesledar, skjellgraving- og steinhøggarutstyr m.m. Diverse salg. Mat og drikke.
Parkering: sjå anvisning.

Omvisning for skuleklassar (01.09-05.09). Båtskyss mellom Håkonshella og Alvøen. Ta med matpakker !

Onsdag 03.09 kl 18.00-21.00: Gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus Ta på deg klede frå gamle dagar ! Like før Haakonsvern, (frå Loddefjord) veg opp til høgre. Følg grusveg innover til bedehuset.

**Alvøen:**
Industriverksemd frå 1626. Kruttmølla og papirmølla best kjent. Papirproduksjonen nedlagt i 1981. Hendrik Jansen Fasmer (1835-1930), kjent for oppbygging av Alvøen som eit eige lite samfunn. Arbeidarbustader for ansatte ved papirfabrikken. Stor skogplanting. Alvøen Hovedbygning (1797) med vakkert lysthus og idyllisk parkområde. Porselenskammers med unik samling "ostindisk" porselen frå 1750-80 åra. "Hamburgerskapet" i "storstuen" frå omkring år 1700.

NB: Laurdag 6. september: Hagefest for heile familien. Bryggjedans.

Omvisninger for skuleklasser i hovedbygningen (01.09-05.09) kl. 09.00-14.00.
Intimkonsertar i "storstuen" 01. og 02. september.
04. september kl.18.00: For barnefamiliar. Konsert i Borggården m/ dramatisering (Mozart/ barokk & synth).
Omvisninger ellers i året: kvar søndag frå mai til september kl. 12.00-16.00. Kafé. For ekstra omvisning: kontakt Vestlandske Kunstindustrimuseum, tlf. 55 32 51 08. Eigen parkeringsplass.



*Foto: Håkon Birkelund*

**Olsvik Kyrkje.**
Ny og moderne kyrkje v/ foten av Grøntua i Olsvik. Utsyn over Olsvik i nord og aust og over øyriket og havet i vest. Vakker ramme omkring avslutningskonserten for kystsogeveka 1997.

Søndag k. 19.00: Konsert m/ Sigvart Dagsland, Bengt Egil Hanssen og Olsvik Tensing.

**VELKOMMEN TIL KYSTSOGEVEKA I BERGEN VEST !**

# Fjell

15 minutt frå Fisketorget i Bergen i retning vest - ligg Fjell kommune. Strategisk plassert på Litle- c Store Sotra, både nær Bergen og Nordsjøen med omlag 17.200 innb. Dette er ein vekstkommune de næringsliv og folk trivst mellom holmar og skjer.



*Lyng ved sjøen*

## Satsingsområde:

**Langøy Kystkultursenter- Gamal Handelsstad:**
Ein restaurert handelsstad som ligg på vestsida av Sotra der det var både post, bakeri og småbruk. Landhandelen vart avvikla i 1973. Kontakt: Fjell Oppvekstetat, kultur tlf.: 56 32 64 84/ 56 32 64 80

| | |
|---|---|
| Laurdag 9. aug. kl. 22.00: | Vardebrenning |
| Sundag 31. aug. kl. 12.00-17.00: | Turløype med kulturelle og historiske postar. Sotra Husflidlag og Fjell Kystlag arrangerer: utstilling av husflidprodukt, demonstrasjon av div. teknikkar (f.eks. tovin sal av kaffi og vafler m.m. frå bakeriet. |

| | |
|---|---|
| Månd. 1.- fred. 5. september: | Temaveke for skulane |
| Laurdag 6. september: | Turløype med kulturelle og historiske postar. FISKEFESTIVAL v/ Sotra Sportsfiskarlag |

**Giertsennaustet:**

Giertsennaustet er ein restaurert bygning som Fjell Kystlag nyttar som verkstad for reparering av gamle båtar og utstyr. (Ligg på Ågotnes v/ CCB)



*Anne Heimvik ved veststolen i Giertsen-naustet på Ågotnes*

| | |
|---|---|
| Onsdag 3. sept. kl. 18.00-21.00: | Ope naust, dugnadsdag<br>Vaflar og kaffi.<br>Arr. Fjell Kystlag |
| Sundag 7. sept.: | Sal av husflidprodukt.<br>Arr. Sotra Husflidlag,<br>Fjell Kystlag |

**Tellneskaien:**

| | |
|---|---|
| Laurdag 30. september: | Bryggedans.<br>Arr. Fjell Kystlag |

**Galleri Haganes på Haganes:**

| | |
|---|---|
| Sundag 31. august og<br>sundag 7. september kl. 13.00-17.00: | Roald Tellnes kunstsamling. Bok-kafé m/ sal av kaffi og vaflar.<br>*Kontakt: Oppvekstetat tlf. 56 32 66 69/ 56 32 64 80* |

**Fjell kulturhus:**

| | |
|---|---|
| Laurdag 30. august<br>til sundag 7. september: | Salsutstilling v/ kunstnaren Jarle-Hugo Låstad. |
| Fredag 5.- sundag 7. september: | Kiwanis Haustutstilling |
| Laurdag 6. september kl. 19.00: | Bygdakveld m/ utdeling av kulturprisen.<br>Arr. Utvalet for kystkulturveka |

**Bildøyhallen:**

| | |
|---|---|
| Laurdag 30. august: | Idrettskavalkade v/ Fjell idrettsråd. |
| Fredag 5. september: | Diskotek m/ Banana Disco. Kl.18.30-23.00: frå 6. klasse.<br>Rockekonsert kl. 23.00-01.00: frå 9. klasse.<br>Arr. Dei kommunale fritidsklubbane. |



*Langøy kystkultursenter*

# Sund

Sund kommune ligg sør på Sotra mellom Fjell i nord og Austevoll i sør. Det er 5000 av oss, og me e omkransa av sjø og hav og er forma av tilpasning til det. Kommunen blir ofte omtalt som ein førega kommune og ein spanande kommune. No er me inne i nye verdi- og vegval for tida framover. Kan l du får lyst til å vitje oss og vite meir ? Velkomen skal du vere !

## Satsingsområde:

**Trellevik - natur og kultur ved havet:**
Trellevik representerer eit autentisk sjøbruksmiljø i Trellevik på Tofterøy i Sund kommune. Det er faktisk einaste staden i region vest der det offentlege eig og driv eit komplett sjøbruksanlegg. I omr rundt kan ein oppleve eit kulturlandskap med eng, åker, gråsteinsmurer og bygningar slik det var, o vitnar såleis om levesettet ytst på Vestlandskysten. Til Trellevik kjem ein med buss - Vest Trafikk - f Bergen, eller med eigen bil - parkering ved Tofterøy skule.

I det meste av sommersesongen kan ein tilby:
- oppleving av eit autentisk kulturlandskap og sjøbruksmiljø
- guiding i utstillinga og området
- deltaking i ulike aktivitetar
- ein tur på Trellevika i kano
- servering av kaffe og noko attåt

Under kystkulturveka vil det vera ope kvar dag heile veka kl. 17.00-20.00 (1.9-7.9) eller etter avtale



*Trellevik*

**Lørdag 30. august**

kystkulturstemne i Trellevik frå kl. 13.00
Underhaldning, omvisning
Områdebillett gjev tilgang til heile området inkl. omvisning i utstillinga.
Pris: vaksne kr. 25,- Ungar gratis

**Søndag 31. august:**

Friluftsgudsteneste kl. 11.00
Familiemanøver med speidarar kl. 12.30
Seglturar med Sund kystlag kl. 12.30

Begge dagar er det open kafé og omvisning



*Glesvær*

**Glesvær:**
Gamal handelsstad frå 1600-talet. "Då bestefar til Tordenskjold eigde handelsstaden".Oppleving av kystkultur og handelsstad i gamal stil. Utleige av rorbuer og båtar. Opplev havet sine naturkrefter.

*Nærare opplysningar hos: Sund kommune tlf.: 56 33 75 00*

**Eit eventyr mellom fjord og hav**
Få kommunar kan syne til like stort mangfald av energikjelder. Øygarden har ei rik kulturhistorie - men og ei rivande industriutvikling, særleg innan olje og gass. Gode høve for nyetableringar i Kollsnes næringspark. Fantastisk natur der ein finn alt frå det barske, karrige til det frodige, lune. Øygarden er ( ypparleg reisemål - anten ein er interessert i fiske, natur/ kulturoppleving, eller industrietablering.

# Satsingsområde:

**Kystmuseet i Øygarden:**
Eit nytt museum som ligg ved det idylliske naustmiljøet i Ovågen. Museet har ei utstilling kalla: "Havets sølv og svart gull" som tek for seg Øygarden si natur- og ressurs soge gjennom 10 000 år. I tillegg har museet ein triveleg kafé med ein lun uteplass, auditorium der ein kan få sjå filmar frå Øygarden og naust med båtutstilling.

Opningstider for 1997:

**1. Sumarsesong frå 4. mai til og med 31. aug.**
Opningstider: Kvardagar kl. 11.00-15.00 eller etter avtale.
Sundager kl. 12.00-18.00
Laurdagar stengd.

**2. Haustsesong frå 1. sept. til og med 31. okt.**
Opningstider: Kvardagar: Ope etter avtale
Sundagar kl. 12.00-18.00
Laurdagar stengd.

**3. Vintersesong frå 1. nov. til og med 30. april**
Ope på kvardagar etter avtale. Utleige og andre aktivitetar for mellom anna skular, barnehagar og lag.

*For evt. informasjon: Kystmuseet tlf.: 56 38 78 32*



*"Tjeldstø ein dag i mai"* *Foto: Bjørg Christophe*

**“Kystsogedag” laurdag den 6. september :**
Kl. 11.00-18.00. Program:
Dramatisering av Egil Skallagrimsson si vitjing i Øygarden på 900-talet. Konsert med lokale krefter. Leikar/ konkurransar for barn og vaksne. Basar.

“Granvin” ligg ved kai frå kl. 12.00-15.00. Aktivitetar ombord. Sal av: Husflid/ kunsthandverk, tradisjonell mat, produkt frå Øygarden Sauealslag. Demonstrasjon av: Gamalt handverk, handarbeid, reparasjon av reiskapar. Presentasjon av lag/ organisasjonar.

**Reisemåte:**
Båttur med veteranbåten “Granvin” frå Bergen kl. 10.00. Framme i Ovågen omlag kl. 12.00
Avreise til Bergen kl. 15.00, framme omlag kl. 17.00
Buss med Vest Trafikk frå Bergen kl. 19.15 og 12.15, retur frå Hellesøy kl. 14.15

**Busstur frå Bergen 07.09.97:**
“Øygarden - frå gamal til ny tid” med lokalkjend guide. Aktuelle stopp: Kystmuseet i Øygarden, Hjelme gml. kyrkje, Kollsnes, m.v. Turen tek omlag 5-6 timar, og det vert matservering undervegs.
Påmelding: Vest Trafikk tlf. 56 32 35 00 v/ Olav Hammersland innan torsdag 04.09.97

**Ymse:**
Øygardsdagar den 04.-09. september med ulike arrangement i kommunen.

*Kontakt kulturkontoret for nærare informasjon. Tlf. 56 38 20 30*



*Ovågen ved Kystmuseet.* *Foto: Bjørg Christophersen.*

**Kysten vår**

Kystsogevekene er den største, samla kulturtilskipinga som hittil har vore halde på Vestlandet.

Det er naturleg og godt å få retta stor takk til dei mange som opp gjennom åra har halde denne delen av kulturarven vår ved lag, og som såleis har vore med på å leggja grunnlaget og gje Kystsogevekene ei retning.

Det gjeld folket ved kysten vår som har hatt sjøen som næraste granne og leveveg, og det gjeld dei som målmedvite har teke vare på seder, skikkar og tradisjonar. Det gjeld kunstnarar som Ivar Medaas og Johannes Kleppevik, som har løfta kvardagskulturen i denne delen av fylket fram i nasjonal samanheng.

Det gjeld dei mange formidlarane, slike som Bømloteateret og andre teaterlag og amatørar, som gjennom scenespråket, tekst og tonar gjev oss bilete av liv og lynne her vest.

Det gjeld det store mangfaldet av organisasjonar og einskildmenneske som gjennom innsats har berga verdfulle bitar av kulturarven vår.

Her kan Alf Sæternes i Gulen tena som døme. Gjennom eit langt liv har han samla og overlevert til ettertida verdfullt tilfang til forståing av livet ved havet. Vidare gjeld det sogelag og kystlag, museum og kanskje det mest synlege kulturminnet innanfor fartøyvernet, Seglskipet Statsraad Lehmkuhl.

Offentlege styresmakter har dei siste tiåra gjort kulturvern til ein viktig del av samfunnforminga. Det opnar for synleggjering, samhandling og bruk av ressursar og verdiar langs kysten vår.

Hjarteleg helsing
Kulturformidlinga Håkon den Gode

**VEST TRAFIKK**

| Haakonsvern kl. 15.00 | Lørdag 30. august | Søndag 31. august |
|---|---|---|
| Fra Bystasjonen | 14.10 | 14.10 |
| Til Haakonsvern | 14.27 | 14.35 |
| Fra Haakonsvern | 17.11 | 17.13 |
| Til Bystasjonen | 17.45 | 17.50 |

**BNR**

| Seim kl. 15.00 | Lørdag 16. august | Søndag 17. august |
|---|---|---|
| Fra Bergen | 10.15 | 10.30 |
| | 11.05 | 12.10 |
| | 12.10 | 13.35 |
| | 13.00 | |

BNR bussane går til Knarvik der det blir fortløpande buss til og frå Seim.
Retur til Knarvik og Bergen etter spela.

**HSD Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap**

| Fitjar kl. 15.00 | Lørdag 9. august | Søndag 10. august |
|---|---|---|

Tilreisande frå Bergen kan nytte ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg (Fitjar). Avgang kvar time.
Kjem du frå Haugesund går det ferje frå Valevåg til Skjersholmene (Stord) ein gong kvar time.
Sundag ettermiddag er det ytterlegare avgangar i båe sambanda.
Frå øvrige Sunnhordlandskommunar går ferjene kontinuerleg til/ frå Stord (sjå ruteheftet).
Laurdag kan ein også nytte rutebuss til/ frå Leirvik.

# BUSSRUTER

## TIL HÅKONARSPELET KYSTSOGEVEKENE 1997

**177 RUTETELEFONEN**
FOR HORDALAND
Hverd.-lør. 7.00-23.00 Søn. 8.00-23.00

# Kulturformidlinga Håkon den Gode

**Styret:**
Tryggve Fitje,
Hordaland og Bergen Reiselivsråd, leiar

Ole Lysø, Regionrådet for
Nordhordland og Gulen

Hans Berge, Regionrådet for
Bergen og Omland

Per Gunnar Bukkholm, Samarbeidsrådet
for Sunnhordland

Aasmund Mjeldheim, Hordaland
fylkeskommune, Kulturseksjonen

Albrigt Sangolt, varamedlem
Espen Selvik, konsultativt medlem
Jørn Oftedal, konsultativt medlem

**Prosjektleiar:**
Ragnhild Randal

**Prosjektassistent:**
Nina Randal

**Administrasjon:**
Stend Gamle Hovedgård, 5047 Fana
Tlf.: 55 91 53 63
55 91 60 20
Fax.: 55 91 59 45

***Opning av Kystsogevekene 1998: 8. august på Seim***

